

## PRESSEMELDING

### RESULTAT FOR ALSAKER KONSERN I 2022

**Alsaker-konsernet, som er konsernselskapet til Alsaker Fjordbruk, fekk eit resultat før skatt på kroner 1.223 millionar i 2022. Med ein omsetnad på kr 2.969 millionar gir dette ein resultatmargin på 41,2 %.**

Alsaker er eit vertikalintegreert oppdrettskonsern med produksjon av laks. Konsernet dreiv i 2022 4 smoltanlegg, 24 matfiskkonsesjonar, slakteri, reinsefiskanlegg og eit havbrukssenter. Konsernet har også eigen brønnbåt og ein stor flåte av servicebåtar.

Produksjonen i konsernet skjer i 14 kommunar: Alver (Meland), Bjørnafjorden (Fusa), Bømlo, Etne, Kvam, Kvinnherad, Sveio og Tysnes i Hordaland, samt Haugesund (Røvær), Stavanger (Rennesøy), Sandnes, Suldal, Tysvær og Vindafjord i Rogaland.

I 2022 produserte konsernet i overkant av 37.000 tonn laks, litt meir enn året før. Slaktevolumet auka også litt samanlikna med året før.

Ved utgangen av 2022 var det 271 fast tilsette i Alsaker-konsernet. Konsernet har godt kvalifiserte og motiverte personar i alle ledd i organisasjonen. Dyktige medarbeidarar er ein viktig suksess-faktor for Alsaker-konsernet.

<b>Alsaker Konsern</b>		
(Alle tal i mill. NOK)	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Sum driftsinntekter	2 970	2 032
EBITDA	1 354	610
Driftsresultat	1 212	479
Resultat før skatt	1 223	517
Konsernrekneskapan for Alsaker er utarbeidd etter norske rekneskapsreglar (NGAAP)		

Bokført eigenkapital i konsernet var ved utgangen av året kr 1.977 millionar – noko som gir ein eigenkapitalandel på 55 %.

\*\*\*\*\*